



Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Varsel om tilsyn med Meland kommune - Felles nasjonalt tilsyn - Spesialundervisning

Fylkesmannen skal gjennomføre tilsyn med Meland kommune med tema *spesialundervisning*, og opnar tilsynet med dette varselet.

Etter opplæringslova § 14-1 første ledd har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller dei pliktene dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova kapittel 1-16 (kommunepliktene). Reglane i [kommunelova kapittel 10](#) A gjeld for denne tilsynsverksemda.

Hovudtema *spesialundervisning* inngår i eit nytt felles nasjonalt tilsyn frå 2018. Det har tre delar:

1. PPT sitt ansvar for å utarbeide sakkunnige vurderingar og hjelpe skolane med å utvikle kompetansen og organisasjonen
2. Kommunens ansvar for å gjere vedtak som oppfyller retten til spesialundervisning
3. Kommunens ansvar for å planlegge, gjennomføre og følgje opp spesialundervisning

Fylkesmannen varslar tilsyn med deltema to: Kommunens ansvar for å gjere vedtak som oppfyller retten til spesialundervisning.

Eigenvurderingsspørsmål og rettleiingsmateriale er tilgjengeleg i RefLex:
<http://www.udir.no/Regelverk/Tilsyn/reflex/>

Dette er nettbaserte verktøy som gir skolar og skoleeigarar hjelp til å vurdere om eigen praksis er i samsvar med regelverket.

Formålet med tilsynet

Formålet med tilsynet er å kontrollere om kommunen oppfyller krava i regelverket slik at elevane sine rettar til eit forsvarleg opplæringstilbod blir sikra.

Gjennomføring av tilsynet

Fylkesmannen vil føre tilsyn med Meland kommune i eigenskap av skuleeigar. Tilsynet skal gjennomførast i 2018, sjå tidsplan. Undersøkinga i tilsynet vil bli gjennomført ved dokumentgransking og intervju.

Ansvarleg for tilsynet hos Fylkesmannen vil vere
Kjetil Stavø Høvig, tilsynsleiar
Hanne Melander, seniorrådgjevar
Marte Byrkjeland, rådgjevar

Innsending av dokumentasjon

Meland kommune som skoleeigar skal

1. gi Fylkesmannen tilgang i RefLex til utfylt eigenvurdering frå skulen og vedlegg som byggjer opp under svara.
2. gi Fylkesmannen tilgang i RefLex til utfylt eigenvurdering frå kommunen om korleis kommunen oppfyller krava i opplæringslova 13-10 andre ledd om forsvarleg system, sjå

Fylkesmannen vil gjennomføre tilsynet med tema:

Kommunens ansvar for å gjere vedtak som oppfyller retten til spesialundervisning.

Dette temaet er delt inn i tre undertema:

1. Gjere vedtak som oppfyller retten til spesialundervisning.
2. Oppfylle krava til enkeltvedtak.
3. Skuleeigaren skal ha eit forsvarleg system for å vurdere og følgje opp at skulen gjere vedtak som oppfyller retten til spesialundervisning og krava til enkeltvedtak.

Fylkesmannen vil i samband med dette tema også undersøkje kommunens praksis med å gjere vedtak om spesialundervisning for elevar i friskular. Sidan det er kommunen som har ansvaret for å gjere vedtaka, er det fylkesmannen som fører tilsyn med dette temaet. Det gjeld sjølv om kommunen har delegert vedtaksmyndigheit til friskolane.

Fylkesmannen ber i tillegg om at Meland kommune sender oss to enkeltvedtak om spesialundervisning, inkludert sakkunnig vurdering og eventuell årsrapport, frå kvar av skulane i kommunen, her også Danielsen Frekhaug.

Enkeltvedtak som er unntatt offentlegheit skal ikkje vere vedlegg i RefLex, men må sendast med vanleg postgang eller elektronisk via nettsidene til Fylkesmannen:

<https://fylkesmannen.no/Hordaland/Om-oss/Kontakt-oss/>

Frist for innsending av dokumentasjon til Fylkesmannen: 5. oktober 2018.

Tidsplan for gjennomføring av tilsynet

Innsending av dokumentasjon og svar i RefLex:

Intervju:

Førebels rapport:

Sluttmøte:

Fredag 5. oktober.

Torsdag 1. november.

Rektor på skulane og tilsette på kommunalt nivå med ansvar for spesialundervisning.

19. november.

22. november.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Kjetil Stavø Høvig
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.